



Ullensvang herad
Oppvekst og kultur
5780 KINSARVIK

Dato: 26.05.2017
Vår ref.: 2016/9170-23
Saksbehandlar: KJEVEA_
Dykkar ref.:

Førespurnad om plass for to-tre elevar i grunnskuleopplæring for vaksne

Odda vidaregåande skule sitt tilbod om innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar kjem diverre ikkje i gong som planlagt frå hausten 2017. Grunnen til dette er lågt søkjargrunnlag.

Skulen har fått søknad om plass ved ovannemnde utdanningsprogram frå tre elevar ved Odda ungdomsskule.

I møte den 23. mai med rektor ved Odda vidaregåande skule, Odda ungdomsskule og underskrivne, vart det tilrådd at ein ville søkje Ullensvang herad om plass i heradet sitt tilbod om grunnskuleopplæring for vaksne for dei tre elevane. Grunnen til dette var å gjere elevane meir førebudde på det faglege nivået som møter dei i den vidaregåande skulen.

Vi ynskjer med dette å få ei formell tilbakemelding om det kan vere aktuelt for Hordaland fylkeskommune å få kjøpe to-tre elevplassar ved heradet sitt grunnskuletilbod for vaksne. Vi ynskjer også å få opplyst kva kostnad dette vil utgjere.

Vi vil understreke at det er Hordaland fylkeskommune som har det formelle opplæringsansvaret for desse elevane. Dersom dei ikkje ynskjer å ta imot eit grunnskuletilbod i Kinsarvik har dei full rett til dette. Hordaland fylkeskommune må då gje dei eit tilbod på eitt av tre utdanningsprogram ved Odda vidaregåande skule. Alle partar ser likevel at det faglege grunnlaget til desse elevane er så svakt at dei vil får svært lite utbytte av undervisninga i vidaregåande skule.

Dersom svaret frå dykk er positivt i høve til å få kjøpe to-tre plassar ved grunnskuleopplæringa for vaksne, vil Odda ungdomsskule og Odda vidaregåande skule invitere elevane med føresette og tolk til eit informasjonsmøte om dei aktuelle skuletilboda for komande skuleår. Etter dette møte vil det vere klart om elevane vil nytte seg av tilbodet i Kinsarvik, eller om dei heller vil starte opp i ordinær vidaregåande opplæring ved Odda vidaregåande skule frå hausten 2017. (Eventuelt ved ein annan skule i fylket som har innføringsklasse om dei ynskjer det.)

Av omsyn til den vidare prosessen for dei tre elevane vonar me at det er mogleg å gje oss eit snarleg svar, gjerne som e-post til nils.skavhellen@hfk.no

Birthe Andersen Haugen
seksjonsleiar

Nils Skavhellen
inntaksleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Odda vidaregåande skule v/rektor
Odda ungdomsskule v/rektor